



MØTEBOK

Møte: 3-2019
Møtedato: Onsdag 15.05.2019
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Elisabeth Bjørnevik, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Odd Ingvar Nilssen (1. vara Bømlo), Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Solfrid Lønning, Odd Kåre Sakseid, Per Harald Gjerde (2. vara Moster) og Trygve Leigland.

Desse møtte ikkje:

Elin Taranger (2. vara Per Harald stilte)
Trygve Totland (1. vara Odd Ingvar Nilssen stilte)

Roald Stautland leia møtet. Mona hadde ord for kveld.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2019-03-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 2 – 2019 vart godkjent.

2019-03-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Oppdatering på vedlikehaldssaker
 - Glasrute i døra på Bømlo: - Er bytta.
 - Glas / Vindauge i Moster kyrkje. – Førespurnad sendt.
 - Servicehus på Vorland. – Fått prisestimat. Førespurnad om å definere estimatet som fastpris er sendt.
 - Maling av Bremnes.
 - Lekkasje i Lykling kyrkje: - Er ordna.
 - Benk(ar) utanfor Bømlo kyrkje: - Dialog med soknerådet. Soknerådet tek saka.
 - Meir areal til parkering ved Bømlo kyrkje.
2. Oppdatering på investeringssaker
 - Muren på Vorland. Fått skriftleg tilbod.
 - Vøle av Bømlo kyrkje. Fått tilbod frå Multiconsult på forprosjekt.
 - Vart snakka om å trekkje arkitektbiten biten ut, då tilbodet var prisa høgt.
 - Oppfylling av Lykling felt D. V&S er straks klar til å setje igong. Start 20. mai
3. Fråsegn om årsrekneskapen frå revisor. Sjå vedlegg.
4. «Stabsoppdatering»
 - a. Diakon

b. Konsulent

5. Forslag til endring av møtedato:
28. august til 4. september.
23. oktober til 30. oktober

2019-03-03 ÅRSMELDING 2018

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2018 slik den føreligg.

2019-03-04 FAGERVOLL GRAVPLASS OPP PÅ PRIORITERINGSLISTA

Tilstanden på Fagervoll gravplass vart presentert og det var drøfta ulike løysingar og forholda rundt gravplassen. Vidare vart det også gjeve uttrykk for at meir informasjon må på plass knytt til denne problemstillinga.

Vedtak:

- 1. Fellesrådet vedtek å starta prosess med utviding evt. masseutskifting og kalking av graver på Fagervoll.**
- 2. Fellesrådet ber kyrkjevevje skaffe meir informasjon om forholda til neste fellesrådsmøte.**

2019-03-05 ORGANISERING I TILKNYTING TIL EKSTRA DIAKONIMIDLAR

Det vart gjeven ei kort innleiing av korleis situasjonen for administrasjonen er i dag, og det vart drøfta kva som kan gjerast for å få mest mogeleg ut av dei ressursane ein har til rådighet.

Vedtak:

- 1. Fellesrådet vedtek å innhente tilbod på rammeavtale med leverandørar innan prosjektutvikling og –oppfølging.**
- 2. Fellesrådet informerer sokneråda om diakonistønaden frå bispedøme og føreslår ei felles løysing der samlege sokneråd reduserer tilskotet sitt til diakonistillinga med 50% dei kommande tre åra. Sokneråda står dermed fritt til å nytta desse midlane til anna kyrkjelydsfremjande arbeid. Dette med eit ynskje om å auka stønaden til dagens nivå dersom ekstratilskotet til diakoni ikkje vert oppretthalde etter dei kommande tre åra.**

2019-03-06 KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2019

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 1. kvartal 2019 til vitande.

Bremnes, den 20. mai 2019

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje